

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2018001162-3 Saksh: Harald Jordal Arkivkode Dato:
Journalpostid: 2019014082 Telefon: S82 01.10.2019

Uttale til nasjonal ramme for vindkraft

Odda kommune sender innspel som grannekommune til det omfattande utbyggingsområdet som føreligg i planen lagt til Kvinnherad:

Odda stør Kvinnherad kommune sin uttale i den aktuelle saka.

Odda kommune viser og til

- Fylkesmannen i Vestland sitt brev av 30.09.19 til Olje- og energidepartementet der denne utbygginga vert frårådd grunna reiselivs- og friluftslivsinteresser og regionalt viktige naturverdiar og som nærområde til Folgefonn nasjonalpark.
- USS (Utmarkskommunane si samenslutning) sin fråsegn vedteken på styremøte i Hattfjelldal 30.august 2019.

Odda kommune peikar på dei store naturverdiane som no er i spel for Folgefonnhalvøya og den eigenvedien dette naturdokumentet har sentralt plassert i Hardangefjordkomplekset som og Åkrafjorden er ein arm av.

Folgefonna med nasjonalpark og landskapskompleks omkransa av Hardangerfjorden, Opo og Fjærevassdraget er eit natur- og kulturlandskap av nasjonal og internasjonalverdi. Folgefonna er den sørlegaste av dei store breane i landet

Kommunene Kvinnherad og Odda er store vasskraftprodusentar og har begge kraftforedlende prosessindustri av betydeleg omfang.

Inntektene til kommunane frå vasskraftproduksjonen har dei seinare åra blitt kraftig svekka – både ved bortfall av heimfallsordninga, omlegging av eigeidoms skatten og ved endring av grunnrenteskatten- som alle har medført at vertskommunane systematisk har tapt betydelege inntekter år for år.

Kraftinnteketene til kommunane/ lokalsamfunna var ein del av den samfunnskontrakten denne utbygginga var basert på, og som føresette at lokalsamfunna stilte naturbaserte basisressursar til rådvelde for storsamfunnet sine behov. Dette var og i regleen spreiddbygde og næringsfattige kommunar.

Et levende kraftsenter

Stab	Org.nr:	964 967 814	Telefon:	53 65 40 00
Telefaks: 53 65 40 51	Bankgiro:	3201.50.24584	Telefaks:	53 65 40 51
Opheimsgata 31	Innbetaling skatt:	6345.06.12288	Epost:	epost@odda.kommune.no
5750 ODDA				

Vindkraftutbygging er og eit spørsmål om tilgang på areal og natur, men legg - i motsetning til vasskraftutbyggingsprosjekt fram til no - opp til at svært lite pengar går til å løysa lokale fellesskapsoppgåver slik kommunale inntekter frå vasskraftutbygging .

Det har vore snakk om å betre vilkåra til kommunane for å gjera industrialiseringa av naturen lettare svelgbar.

Det lokalsamfunna og kommunene i landet i praksis ser no er at dei sentrale styresmaktene bygger ned innhaldet i dei samfunnskontraktane som la grunnlaget for vasskaftepoken og nasjons- og industribygginga frå starten av 1900 talet fram til nyleg fortid.

Lov- og avtaleetablerte rettar med hundre års praksis for dei kommunane som har stilt natur og areal til rådvelde for kraftproduksjon vert no systemetisk fjerna eller nedbygt frå sentralt statleg hald.

Med eit slikt bakteppe er det ikkje underleg at lokalsamfunna er lite villege til å veksla inn verdifull og attraktiv natur til rasering av landskap og biotoptap for fauna og flora .

Venleg helsing
Stab

Roald Aga Haug
Ordfører

Harald Jordal
kommunesekretær

Kopi til:
Kvinnherad kommune Rosendalsvegen 10 5470 ROSENDAL

Odda formannskap som melding